

Emnerapport

Emnekode og evt. tittel tema: Reg 302. Natur- og kulturmiljøforvaltning

Semester: Haust 2013

Emneansvarlig: Knut Grove

Andre lærere på emnet: Helge Drange, Bjørn Moe, William Helland-Hansen, Peter Emil Kaland, Kjetil Loftsgarden, Nils Georg Brekke, Gunnstein Akselberg heldt alle førelesingar.

Undervisningsopplegget:

Undervisninga gjekk føre seg som forelesingar, der vekta var å få ulike faglege inntak på kva som formar ein region, med Vestlandet som eit utgangspunkt.

Pensum:

Det er utartbeidd eit kompendium med artiklar til emne i tråd med dei ulike faglege inntaka og forelesarane. Sjølv om pensum nok kan justerast noko (spesielt innan vern og til dels nyare historiske bidrag om regionen), fungerer det bra ut frå målsetjinga for emnet.

Kommentarer til evt. tilbakemelding fra studenter, evaluering eller eksamensresultater:

Det er ikkje gjennomført noko systematisk evaluering for emnet denne hausten. Inntrykket er at dei ulike inntaka til emnet blir sett på som krevande, men interessant, der emneansvarleg må søka å få fram og tydeleggjera samanhengen i emnet. Utfordringa er særleg å knyta den naturvitskaplege og kulturvitskaplege delen (jf skillet natur- og kulturmiljø) saman på ein god og klar nok måte. Eksamensresultata var som venta, der skillet mellom studentane kanskje særleg kom til uttrykk i evna til å knyta saman natur- og kulturmiljø på ein heilskapleg måte

Tiltak du vil vurdere for å forbedre undervisningen neste gang det undervises:

Inngangsforelesing og avsluttings-/oppsummeringsforelesing er viktig for å halda saman eit emne med innleiarar frå ulike fagtradisjonar (og studentar med ulike fagbakgrunn). Det kan vurderast å leggja inn ei oppsummeringsforelesing undervegs. Førebuing til eksamen med studentforslag til løysing av tidlegare eksamensoppgåver fungerte greit.

Undervisningsfasiliteter:

Gode lokalitetar. Måtte supplera med overheadprosjektor for ein forelesar, men uproblematisk når fanga opp på førehand.